



Orkanger, 18.03.2019

Klima- og Miljødepartementet

Miljødirektoratet  
[post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)

### **Klage på nytt utsløpsløyve for Washington Mills i Orkdal**

Vi viser til utsløpsløyve for Washington Mills i Orkdal, datert 28.02.2019

Vi klagar med dette på utsløpsløyvet, og krev at det blir pålagt vesentleg betre reinsing av tungmetall i utsløpsvatnet frå bedrifta, at utsløpsløyvet får større grad av detaljering, og at det blir gjort vurderingar av korleis konsentrasjonen av tungmetall vil vera utover i området utafor bedrifta.

1. Det er ikkje sett opp krav til konsentrasjon for utsløpp av Kadmium, Sink, og Bly, slik at det er vanskeleg å vurdere konsekvensane av desse utsløppa.
2. Det er ikkje gjort vurdering av korleis konsentrasjonen av Nikkel, Kadmium, Sink, Kopar, Krom og kanskje Bly, vil bli i Råbygdsfjæra, avhengig av avstanden frå utsløppspunktet, vassføring i Skjenaldelva, flo og fjære, vindstyrke/ retning og lokale straumar. Dette er spesielt viktig, i og med at konsentrasjonen av tungmetall i utsløppet er til dels ekstremt høgt over kvalitetskrava for kjemisk «god» tilstand og økologisk «god» tilstand. Slike vurderingar må bli gjort.
3. Vi viser til punkt 2, og vi hevdar at det er stor risiko for at ein i delar av det verna våtmarksområdet kan få så høge verdiar av tungmetall at kvalitetskrava i vassforskrifta/ vassrammedirektivet ikkje blir oppfylte.
4. Råbygdsfjæra/ Gjølmesørene er ein del av Trondheimsfjordens våtmarkssystem, har spesielt stor verdi for fuglelivet, både trekkfuglar, for lokale trekk og stasjonære fuglar, og som oppvekstområde for sjøaure. I følgje artsliste for Råbygdsfjæra fram til 2016, er det registrert 175 artar fugl. I eit slikt område skal ein vera spesielt nøye med å halda utsløpp nede på eit så lågt nivå som mogleg. Mange av desse artane finn føde på botn av fjæra, der måling har vist forhøya verdiar av tungmetall.
5. Vår konklusjon og krav er at det må bli gjennomført vesentleg betre reinsing av utsløppet enn det som er tilfelle i dag, der reinsinga skjer ved hjelp av sedimentasjon i ein kanal med terskel. Vi vil vidare hevde at konsekvensane for naturmiljøet er så store at det ikkje kan gis utsetting med grunnlag i forskriftas omtale av «*vesentlige kostnader*». Vi vil vidare hevde at det finst relativt rimelege tiltak for forsterka reinsing som vi ikkje kjenner til at er forsøkte.

Vi viser i tillegg til våre kommentarar i innspel til søknaden om utsløpsløyve i første runde av behandlinga av nytt utsløpsløyve.

## Detaljert gjennomgang

### **Stor risiko for ikkje å oppnå «god» kjemisk tilstand**

Vassforskrifta/ EUs vassrammedirektiv krev «god» kjemisk tilstand med basis Ni, Cd og Pb.

Stoff	Vassforskriftas krav (Vedlegg VII)		Utslepp WM		Kommentar
	Årleg gj.snitt ug/l	Maksverdi ug/l	Gjennom- snitt ug/l	År (kg)	
Ni	8,6	34	100 - 50	35 - 25	50 ug/l frå 2020
Cd	0,2	Ca 0,6	4,3 ?	1	Grense avh. av kalkinnhald
Pb	1,3	14	0,9 ?	0,5	Uklart om målingar

Konsentrasjonen for Pb er ikkje oppgjeve, men ved samanlikning med konsentrasjon og årsutslepp for Ni har vi rekna ut eit anslag for konsentrasjonen av Pb. Det same gjeld Cd, der vi har samanlikna med kravet til Cu: 30 ug/l Cu og eit årleg tillate utslepp på 7 kg. Eit årleg utslepp på 1 kg Cd gir då ein konsentrasjon på  $30/7 = 4,3$  ug/l Cd. Dette kan gje ein peikepinn på konsentrasjonen av Cd i utsleppet. Det er kritikkverdig at det ikkje er stilt krav til konsentrasjon i utsleppsløyvet.

Ut i frå dette ser det ut til å vera eit vesentleg problem med Ni, Cd og kanskje også Pb (uklart kva som er korrekte målingar) for å oppnå vassforskriftas krav om «god» kjemisk tilstand.

Miljødirektoratet skriv:

*«I vannforskriften er det angitt miljømål for vannforekomster. Miljømålet for overflatevann er at den skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Kravet til kjemisk tilstand gjelder kun for de prioriterte stoffene som fremgår av vannforskriften vedlegg VIII. Tilstandsskalaen for disse stoffene er kun inndelt i to tilstandsklasser; god og dårlig. Grensen mellom god og dårlig tilstand bestemmes av grenseverdier (miljøkvalitetsstandarder (EQS)) som er fastsatt i vannforskriften vedlegg VIII. Det kan kun aksepteres høyere verdier enn disse grenseverdiene i umiddelbar nærhet til utslippspunktet.»*

Det er opna for å ha noko høgare verdier rett ved utsleppet, men her dreier det seg om til dels særskilte høge verdier for konsentrasjon av Ni og Cd rett ved utsleppet, og det er ikkje gjort vurderingar av kor langt ut ein må gå før fortynninga blir så stor at ein oppfyller kravet om «god» kjemisk tilstand.

Denne konsentrasjonen vil i tillegg vera avhengig, både av vassføring i Skjenaldelva, om det er flo eller fjære sjø, lokale strøymingstilhøve og av vindretning og styrke. Utan slike vurderingar er det ingen som veit kor stor belastninga i realiteten blir i Råbygd sfjæra.

### **Vår konklusjon om kjemisk tilstand:**

Det er stor risiko for at ein i eit større område i Råbygd sfjæra vil ha konsentrasjonar av Ni, Cd og kanskje Pb som er større/ vesentleg større enn vassforskriftas krav til «god» kjemisk tilstand. Det er ikkje gjort vurderingar om korleis forureininga vil spreie seg, avhengig av avstand frå utløp, vassføring i Skjenaldelva, flo og fjæra, vindretning/styrke etc.

## Stor risiko for ikkje å oppnå «god» økologisk tilstand

Miljødirektoratet skriv:

*«Økologisk tilstand bestemmes av flere ulike kvalitetselementer (både biologiske, hydromorfologiske, samt kjemiske og fysiske kvalitetselementer). Andre stoffer enn de prioriterte stoffene i vedlegg VIII i vannforskriften inngår i vurderingen av økologisk tilstand som kjemiske kvalitetselementer.*

*Kvalitetselementet som gir den dårligste tilstanden avgjør vannforekomstens tilstandsklasse. Vannforskriften opererer med følgende fem tilstandsklasser for økologisk tilstand; svært god, god, moderat, dårlig og svært dårlig. Dersom en ny aktivitet eller nytt inngrep medfører at miljømålene ikke nås eller at tilstanden forringes må det vurderes om vilkårene for unntak i vannforskriftens § 12 er oppfylt.»*

Kommentar: Miljødirektoratet er upresis når dei skriv at det kan vera lov med tiltak som fører til at tilstanden blir dårlegare. Vassforskrifta har ein absolutt restriksjon mot tiltak som fører til at miljøtilstanden blir dårlegare enn «god». I eit slikt tilfelle er det ikkje rom for vurdering.

Det er ikkje oppgjeve konsentrasjon for Cd, Zn og Pb, men samanlikning med konsentrasjon og årsutslepp for Cu, er det sannsynleg at konsentrasjonen for Cd og Zn vil liggja i klasse IV, «dårleg» også for Cd og Zn, slik det også er for Cr og Ni, mens Cu ligg i klasse V, «særs dårleg» tilstand.

Klassegrensene i tabellen under, er henta frå Miljødirektoratets rettleiing M-608,

Vassforskrifta/ EUs vassrammedirektiv krev minst «god» tilstand.

Kolonna WM er Miljødirektoratets løyve til utslepp for Washington Mills.

Klasse:	I	II	III	IV	V	WM		Kommentar
	Bakgrunn	God	Moderat	Dårleg	Særs dårleg	Kons	År (kg)	
Ni	0,5	8,6	34	67	>67	100 - 50	35 - 25	50 ug/l frå 2020
Cu	0,3	2,6	2,6	5,2	>5,2	30	7	
Cr	0,1	3,4	3,4	358	>358	15	5	
Cd	0,03	0,2	0,5-1,5	4,5-15		4,3?	1	Klassegrenser er avhengig av kalk
Zn	1,5	3,4	6	60	60	25?	10	
Pb	0,02	1,3	14	57	>57	0,9?	0,5	
PAH 16						0,3		

Konsentrasjon er ikkje oppgjeve for Zn i løyvet, men ut i frå bedriftas søknad om 40 kg årleg utslepp og 100 ug/l konsentrasjon, er det antatt 25 ug/l konsentrasjon ved 10 kg. For Cd og Pb viser vi til kommentar i samband med vurdering av kjemisk tilstand.

Miljødirektoratet skriv:

*«Vi vurderer at overskridelsen av EQS på sedimentstasjonen nærmest utslippspunktet ikke er representativ for tilstand i hele vannforekomsten, og anser derfor tilstand for sink som god. Utslipet fra bedriften er like over EQS, og vi antar at det innen svært kort avstand fra utslippspunktet vil bli fortynnet til under EQS.»*

Kommentar: Det er ikkje oppgjeve krav til konsentrasjon for Zn, men med løyvet til 10 kg Zn i året og samanlikning med talla for Cu, er det i praksis gjeve løyve til eit årsgjennomsnitt som bringer situasjonen langt inn i klasse III, «dårleg» like ved utsleppet.

Når Miljødirektoratet hevdar at konsentrasjonen er «like over EQS», så må det bli sett krav til grense for konsentrasjon av Zn som oppfyller denne påstanden.

Miljødirektoratet skriv:

*«EQS (årlig gjennomsnitt) for kobber i kystvann er satt til 2,6 µg/l, og kobberkonsentrasjonen i utslippsvannet til Washington Mills ligger derfor over dette. Vi mener at bedriften kan klare et lavere utslipp enn det de har søkt om grenseverdier for, og for å sikre en lavest mulig tilførsel av kobber til Orkdalsfjorden setter vi utslippsgrensene til 30 µg/l og 7 kg/år.»*

30 µg/l kopar er skyhøgt over EQS på 2,6 µg/l, og ein må sannsynlegvis langt unna utsleppspunktet før ein kjem ned til 2,6 µg/l frå eit utslepp på 30 µg/l. Som vi har skrivne i samband med vurdering av kjemisk tilstand, vil konsentrasjonen i Råbygdfjæra vera avhengig av vassføring i Skjenaldelva, flo og fjære, vindretning/ styrke, lokale straumar etc.

Miljødirektoratet skriv:

*«EQS (årlig gjennomsnitt) for bly er satt til 1,3 µg/l i kystvann, og konsentrasjonen i utslippet er derfor sannsynligvis under EQS. Undersøkelser av vannforekomsten har ikke vist overskridelser av EQS for bly. Vi setter en foreløpig utslippsgrense for bly på 0,5 kg/år, men tar forbehold om at denne kan bli endret dersom en bedre kartlegging av utslippsvannet tilsier at det er nødvendig.»*

Kva vil den siste setning seia? Er det slik at dersom det er behov for å sleppe ut meir, så vil det bli gjeve løyve til høgare nivå?

Miljødirektoratet skriv:

*«Resultatene fra overvåkingen i 2015 og fra kartleggingen av utslippsvannet i 2016/2017 har vist at utslippet fra Washington Mills sannsynligvis har ført til noe forhøyede verdier av metaller i sedimentet utenfor utslippspunktet. Funnene er imidlertid kun knyttet til stasjonen nærmest utslippspunktet, og kan vurderes til å være innenfor det man vil anse som et influensområde for bedriftens utslipp der det er forventet en viss grad av påvirkning. Det ble ikke funnet tilsvarende forhøyede verdier i biota.»*

Vi reagerer på at ein her aksepterer at det er greitt med forhøya verdier av tungmetall i det som blir kalla «influensområdet for bedriftens utslipp». Vi vil minne om at det her dreier seg om eit viktig, og lokalt verna våtmarksområde, med ei artsliste på 175 registrerte artar fugl. Mange av desse finn føde på botn i området. I tillegg fungerer området som oppvekstområde for sjøaure og laks. Området er ein del av Trondheimsfjordens våtmarksstystem, som har vorte sterkt desimert gjennom mange år.

Det er uakseptabelt å godta forhøya verdier av tungmetall i dette området.

**Vår konklusjon:**

Det er stor risiko for at ein i eit større område i Råbygdsfjæra vil ha konsentrasjonar av Ni, Cd, Cu, Zn og kanskje Pb som er større/ vesentleg større enn vassforskriftas krav til «god» økologisk tilstand. Det er ikkje gjort vurderingar om korleis forureininga vil spreie seg, avhengig av avstand frå utløp, vassføring i Skjenaldelva, flo og fjæra, vindretning/styrke, lokale straumar etc. Det er uakseptabelt å godta forhøya verdiar i vatnet og i sedimentet i dette viktige våtmarksområdet.

**Utslepp til luft**

Miljødirektoratet skriv:

*«På den bakgrunn gir vi derfor kun en midlertidig tillatelse til produksjon av konvensjonell SiC-crude i ovnshallen frem til 31. desember 2024, med utslippsgrenser for urensset utslipp. Tidsbegrensningen settes slik at bedriften skal ha mulighet til å utrede og installere reinseanlegg før tillatelsen utløper, samt at det åpner for å kunne få mer kunnskap om nye krav i WGC-BREF før endelig renseløsning er på plass.»*

**Vår kommentar:**

Bedrifta bør bli pålagt regelmessig tilbakemelding til Miljødirektoratet om framdrift i arbeidet med å utgreia og installere reinseanlegg.

Helsing

Mads Løkeland